



Tokke kommune
Helseetaten

Helse og omsorgsdepartementet

Dykkar ref: Vår ref Saksbeh: Arkivkode: Dato:
2014/1928-2 Ann Wraa,35075501 H06 16.12.2014
ann.wraa@tokke.kommune.no

Høyrings svar - akuttutvalets delrapport - Tokke kommune

Det er nedsett eit utval for å gjennomgå akuttmedisinske tenestar utanfor sjukehus. Departementet har bedt om delrapportar som skal vere ein del av grunnlaget til Stortingets utgreiing av primærhelsestenesta og Nasjonal helse og sjukehusplan.

Akuttutvalets delrapport har ei frist på høyring 16. desember 2014 og har i høyringsutkastet bedt kommunane om å svare på bland anna kva effekt forslag i rapporten vil gje for kommunane, kva for krav som bør ligge til grunn for endringar og kva som bør ha høgast prioritert.

Tokke kommune vel å svare administrativt på høyringa, som seinare vil bli referert i våre politiske utval. Grunnen til det er bland anna kort tidsfrist, samstundes som andre store endringar skjer med helseforetaka som krev oppmerksomheit og samarbeid mellom kommunane og helseforetak.

Tokke kommune stiller seg positiv til endringar og styrking av formell kompetanse og styrking av krav til akuttmedisinsk beredskap. Generelt meiner vi at svarfrist var noko kort, med tanke på omfang og eventuelle konsekvensar for tenesta og for innbyggjarane i kommunen.

Fleire kommunar strevar med rekruttering i dag og brukar til tider mykje vikarar frå andre nordiske land. Forslaget ser ut til å vere ressurs- og personalmessig tilpassa større einingar, enn det Tokke kommune har per i dag, men samtidig med ein norm om avstand som gjer at lokalisasjon et anna sted og blir vanskelig.

Realiteten er at i Vest Telemark opererer vi med store avstandar og samstundes med rekruttering av spesialistar i allmenntmedisin. Tokke kommune saknar i rapporten ei større konsekvensutgreiing som godt kunne vere konkret med forslag til korleis det er

tenkt at rekruttering og økonomisk gjennomføring var belyst. Noko som akuttutvalet og har lagt vekt på.

For Tokke kommune vil det vera viktig at styrking av legevaktstilbodet, ikkje leder til ei svekka fastlegepraksis. Det betyr at ei endring krev ei direkte auking av fastlegeheimlar og ei sterkt statleg finansiering.

Tokke kommune støttar forslaget om innføring av responstid for ambulansen. Lang reisetid til sjukehus vil vera ei viktig faktor framover og vurdering av plassering av luftambulanse.

Akuttmottaket på Rjukan lokalsjukehus vil bli nedlagt frå sommar 2015. Tokke kommune er aktivt med å støttar om oppretting av ei base for luftambulanse i Vest Telemark. Dette vil kunna vera med å sikra likeverdige tenestar for innbyggjarane i regionen.

Nasjonale myndigheitar må styrke pasientanes rettigheitar til val av sjukehus, uavhengig av fylkesgrensar, når det er fagleg forsvarleg.

Med helsing

Ann Wraa
Helsesjef

Vedlegg: Uttale kommuneoverlegen i Tokke- og Vinje kommune

Kopi til:
Brit Houge
Lars Håvard Eriksen
Hilde Alice Vågslid
Kjetil Fulsås